



# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

**Stiftinga Musea i  
Sogn og  
Fjordane  
Avdeling Kunst**

**Jobbnorge ID:** 222966  
**Deadline:** 5/23/2022  
**Website:** <https://misf.no/>  
**Scope:** Part time  
**Duration:** Temporary assistant

Vil du vere helg- og kveldsvert på Sogn og Fjordane Kunstmuseum?

## Helgevert

### Om Sogn og fjordane kunstmuseum

Sogn og Fjordane Kunstmuseum finn du i hjartet av Førde sentrum i eit bygg som har fått internasjonal merksemd for sin særprega arkitektur. Kunstmuseet fyller 3 etasjar med både basisutstillingar frå samlingane, og skiftande utstillingar med samtidskunst. Samlinga inneheld regional og nasjonal biletkunst og kunsthandverk frå 1800-talet og fram til i dag, med hovudvekt på tida etter 1970. Kunstbutikken i første etasje har eit variert utval kunst og kunsthandverk og Kafe SoBra tilbyr heimelaga rettar. Takterrassen i 4.etg. kan nyttas på varme sommardagar.

### Helg- og kveldsvert på Sogn og Fjordane Kunstmuseum

SFKM tek imot besøkande vekedagar og helg, både lokale og tilreisande. Som helgevakt på SFKM vil du ta del i og løyse mange oppgåver på museet, både åleine og saman med andre.

Arbeidsoppgåver vil vere:

Som helgevert på SFKM vil du arbeidsoppgåvene vere:

- Gje informasjon om utstillingar, formidlingstilbud, aktivitetar for barn, praktiske fasilitetar og yte sørvis til besøkande på museet
- Førstelinjetenester i resepsjonen (telefon, billettar)
- Kunstbutikk (sal og varehandtering)
- Enkle reinhaldsoppgåver i butikken
- Assistere ved opningar og andre aktivitetar (t.d.barn- og familieverkstad, kveldsarrangement)
- Enkle administrative oppgåver
- Enkelt stell av terrasse (i sesong) og uteområdet ved hovudinngang (heile året)
- Arbeidet følgjer vaktplan, normalt med arbeidstid laurdag og sundag 11-16. Kveldsarrangement og familieverkstad følger eigen plan. Sommaravvikling vert ein eigen plan (juli-august 2023)

I rolla som helgevert etterstreber du alltid å gi gjestene våre den beste kundeopplevinga.

### Kvalifikasjonar

Vi ser etter deg som:

- Er flink til å uttrykke deg munnleg på norsk og engelsk
- Trivst i vertskapsrolla
- Har interesse for og likar kunst og kultur
- Tilpassar deg og trivast med variasjon i arbeidsoppgåver
- Er stødig og til å lite på
- Har ordenssans og god hygiene
- Handlar på eige initiativ, får ting til å skje og tek ansvar for resultat
- Er open, omgjengeleg og har gode samarbeidsevner
- Arbeider metodisk og systematisk

## Generell informasjon

Som helg - og kveldsvakt på Sogn og Fjordane Kunstmuseum vil du vere tilsett i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF), avdeling kunst. Du vere del av eit dynamisk arbeidsmiljø prega av med høg kompetanse og stort engasjement.

MiSF er ei IA-verksemd, og vi tilbyr god pensjonsordning gjennom KLP.

Helg- og kveldsverter blir løna som timelønstilsette i samsvar med satsar i Landsoverenskomsten (VIRKE). Kveldstillegg for vakter etter 17:00, og helgetillegg for vakter laurdag og søndag.

Søknadsfrist: 23.05.2022

Oppstart: Veke 32

Vi oppmodar kvalifiserte kandidatar om å søkje uavhengig av kjønn, funksjonsevne og kulturell bakgrunn. Søknad registrerer du via lenke på denne sida. CV, vitnemål og attestar skal du laste opp under "Vedlegg".

Nærare opplysningar får du ved å vende deg til museumsleiar Mayra Henriquez tlf. 99518580 eller avdelingsdirektør kunst, Tor Martin Leknes tlf. 466 93 897

Ved spørsmål som gjeld elektronisk søknadsskjema kan du ta kontakt med Jobbnorge på tlf. 75 54 22 20 eller [kundeservice@jobbnorge.no](mailto:kundeservice@jobbnorge.no) kvardagar mellom 08:00-16:00.

## Om oss

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med kontor på Sandane, har følgjande avdelingar: De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum, Norsk Reiselivsmuseum, Sunnfjord Museum, Nordfjord Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Norsk Kvernsteinsenter og Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

Stiftinga har omlag 50 årsverk. Les meir om Musea i Sogn og Fjordane

## Additional information

### Place of service:

Sogn og fjordane kunstmuseum 6800 Førde (Sunnfjord Municipality)